

Tilskot til kulturminne i Vestland 2020

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske
kulturminne (BARK)



Vestland
fylkeskommune



Søknad om tilskot om midlar gjennom Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2020 (saksnr: 2019/13165).

	Søkjar	Prosjekt-namn	Om prosjektet (ifølgje søker)	Totale utgifter	Omsøkt	Tilråding	Grunngjeving
1	Lekve og Syse grunneigarlag	Nordmann slepa Ulvik	Restaurering utrasa trase, skilting/merking	50.000,-	25.000,-	25.000,-	Folkehelse, lokalt engasjement, prioritert av kommunen.
2	Vik kommune	Fangstanlegg og kleberstein sbrot	Informasjonsskilt	218.000	98.000	98.000	Formidling og sikring av kulturminne
3	Sveio kommune	Gravrøyser på Røysaneset	Vegetasjonsskjøtsel , skilt, merking av sti	40.000,-	20.000,-	20.000,-	Folkehelse, prioritert av kommunen, formidling, sikring
4	Askøy kommune	Bygdeborg på Herdla	Vegetasjonsskjøtsel , skilt, utbetring sti	240.000,-	120.000,-	120.000,-	Folkehelse, lokalt engasjement, samla formidling av eit område, sikring
5	Austevoll kommune	Gravrøys på Storebø	Skilt, tilrettelegging av området, UU-sti	140.000,-	70.000,-	70.000,-	Lokalt engasjement, formidling og tilknyting til skule, UU
SUM					333.000,-	333.000,-	

Framsidebilde: Gravrøys på Røysaneset, Sveio. Foto fra søknad Sveio kommune

Restaurering av ferdsleveg, Ulvik kommune

Søkjar: Lekve og Syse grunneigarlag

Prosjektkostnad: 50.000,-

Søknadssum: 25.000,-

Tilråding: Tilråding om tilsegn kr 25.000,-

Kulturminnet

Kulturminnet er ein del av Nordmannsslepa som strekkjer seg ned forbi Lekve og Syse i Ulvik og til fjorden. Stien er delvis opparbeidd med trapper og murar, og er ein ferdsleveg med høg alder som vitnar om bruk av landskapet gjennom lang tid.

Prosjektet

Stien er ein gammal ferdsleveg som no er slitt. Delar av stien er mura opp med trapper i stein, og desse trappene er glidd ut og er därlege. Prosjektet vil fokusera på restaurering av dei gamle trappene for å sikra at vegfaret kan brukast og slik verte halde i hevd. Prosjektet inkluderer òg skilting for å informera brukarar om ferdslevegen og dei andre kulturminna i området.

Vurdering

- Tiltaket står i prioriteringslista for BARK
- Prosjektet har høg opplevingsverdi og formidlingspotensiale
- Prosjektet er lokalt initiert og har medfinansiering i form av dugnad og eigeninnsats
- Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen
- Tiltaket er kommunalt prioritert
- Ferdslevegar har best vern gjennom bruk. Restaurering av trapper og anna er viktig for å sikra at stien er brukande

Skilting av fangsanlegg på Fresvikfjellet og klebersteinsbrot på Vikafjellet, Vik kommune

Søkjar: Vik kommune

Prosjektkostnad: 218.000,-

Søknadssum: 98.000,-

Tilråding: Tilråding om tilsegn kr 98.000,-.

Kulturminneområda

Kulturminna ligg i Fresvikfjella og på Vikafjellet. I Fresvikfjella er det 5 lokalitetar med fangstanlegg for rein. Her er det synlege element som ledegjerde og fangstgraver. På Vikafjellet er det to lokalitetar som ligg ved Kvilesteinsvatnet. Her er det klebersteinsbrot med synlege uttak av gryte emner.

Prosjektet

Vik kommune ynskjer å lage 2 skilt, eit som omhandlar fangstanlegga i Fresvikfjellet og eit for klebersteinsbrotet på Vikafjellet. Kommunen vil gjerne ha informasjonsskilt, både for å formidle kulturhistoria i fjellheimen i kommunen, men også for å førebyggje skader på kulturminna.

Vurdering

- Prosjekta står i prioriteringslista for Sogn og Fjordane og Vik kommune for BARK
- Prioriterte tiltak i handlingsplanen til Vik sin kulturminneplan
- Prosjektet har høg formidlingsverdi
- Prosjektet er lokalt forankra og vert medfinansiert gjennom eigeninnsats frå kommunen og dugnadsarbeid
- Kommunen har ikkje nytta seg av BARK-ordninga tidlegare

Skilting av gravrøyser, Sveio kommune

Søkjar: Sveio kommune

Prosjektkostnad: 40.000,-

Søknadssum: 20.000,-

Tilråding: Tilråding om tilsegn kr 20.000,-.

Kulturminnet

På Røysaneset på Tittelsnes i Sveio kommune ligg det to gravrøyser frå bronsealderen. Røysene er store, den eine 15m i tverrmål og 2m høg, den andre 20m i tverrmål og 3 meter høg. Det går ein mykje bruk tursti til området og

Prosjektet

Gravrøysene er eit populært turmål, men merkinga i området er därleg. Det er satt opp eit provisorisk skilt med info om kulturminna, men dette er ikkje tilstrekkeleg og det vert flytta på Stein i røysene. Røysene er dels tilgrodd og har trong til vegetasjonsskjøtsel. Målet med prosjektet er betre merking av sti og skilting av kulturminna. Røysene skal ryddast fram slik at dei vert godt synlege i terrenget. Dette tiltaket skal formidla kulturminna til brukarane av området og samstundes sikra dei mot aktlaus skade.

Vurdering

- Kulturminna står på prioritieringslista for BARK
- Gravrøysene er godt synlege og har stort formidlingspotensiale
- Staden er mykje brukt lokalt og ei formidling vil nå eit stort publikum
- Det er fleire andre tilrettelagte kulturminne i kommunen, men kulturminna har stor trong til tiltak grunna aktlaus skade.
- Tiltaket er prioritert i kommunale planar og er delar av finansieringa kjem frå Sveio kommune.
- Det er ikkje universell tilkomst til kulturminnet

Skjøtsel og skilting av bygdeborg, Askøy kommune

Søkjar: Askøy kommune

Prosjektkostnad: 240.000,-

Søknadssum: 120.000,-

Tilråding: Tilråding om tilsegn kr 120.000,-.

Kulturminnet

Bygdeborga på Herdla ligg på eit rundt platå som har ein diameter på 30-35meter. Det er bratte sider ned mot sjøen på tre sider, og på landsida er borga stengt med ein vel 30 meter lang dobbel voll med grøft i mellom. I tillegg til å vera ei bygdeborg frå jernalder ligg det òg ein buplass frå steinalder på borgplatået. Her er funne avslag i kvarts og flint som viser dette. Det går ein tursti i området langs borga men denne har trong til utbetring. Det er ei lite bruktskytebane ved borga og det må takast særleg omsyn til dette ved merking av turstiar i området. Bygdeborga ligg nær Herdla Museum og formidling av forhistoria og dei lange linjene i landskapet vil passa godt inn saman med formidling av den nyare kringshistoria i området.

Prosjektet

Bygdeborga på Herdla er eit mykje nytta turmål, men borgområdet er mykje tilgrodd og utsikra frå haugen er i ferd med å forsvinna. Vollane som er det einaste synlege beviset på borga er tilgrodd med gran, og rotvelter vil medføra stor skade på kulturminnet. For å unngå skade på kulturminnet kan det ikkje nyttast hogstmaskiner og hogstavfall kan ikkje deponerast i terrenget. Askøy kommune søker difor om å få flisa hogstavfall på plassen og frakta dette ut med helikopter. Etter rydding av kulturminnet er målet å rusta opp den eksisterande stien og å skilta og formidla kulturminnet og kulturhistoria i området generelt.

Vurdering

- Kulturminnet står i prioriteringslista for BARK
- Prosjektet har høgt formidlingspotensiale og stor opplevingsverdi
- Området er mykje nytta lokalt
- Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen
- Tiltaket er kommunalt prioritert og medfinansiert
- Universell tilkomst er ikkje mogleg, men søker vil streba etter universell tilpassing av formidlingsmaterialet.

Skjøtsel og tilrettelegging av gravrøys, Austevoll kommune

Søkjar: Austevoll kommune

Prosjektkostnad: 140.000,-

Søknadssum: 70.000,-

Tilråding: Tilråding om tilsegn kr 70.000,-.

Kulturminnet

Tett mellom skule og idrettsplass på Storebø på Austevoll ligg det ei gravrøys frå bronsealder eller jernalder. Røysa er kring 5x3 meter og omlag 0,5meter høg. Røysa ligg på ein knaus i kanten av vegen, og er mykje tilgrodd. Området har tidlegare vore tilgrisa med søppel då det ligg som ein tilgrodd holme i landskapet.

Prosjektet

Skulen er nyleg utbygd, og det skal gjerast ein gjennomgang og opprusting av heile uteområdet. Dette området er svært mykje i bruk, og for å sikra at kulturminnet vert tatt med som ein del av området og at det er flyt i landskapet søker Austevoll kommune om tilskot til å ruste opp området kring gravrøysa. Her skal det òg vera aktivitetar, men kulturhistorie skal vera del av aktiviteten. Kulturminnet skal vera tilgjengeleg for alle, og skal kunne nyttast av skulen i undervisningssamanheng. Det skal i tillegg utarbeidast formidlingsinformasjon og skilt til kulturminnet. Kommunen vil nyta landskapsarkitekt til planlegging av området. Eit slikt prosjekt vil måtte gjennomførast i tett samarbeid med Vestland fylkeskommune for å sikra at kulturminnet vert tatt vare på på ein god måte.

Vurdering

- Tiltaket står i prioriteringslista for BARK.
- Nærleiken til skulen gjer at kulturminnet har stort formidlingspotensiale.
- Det er ikkje andre skilta kulturminne i kommunen
- Tiltaket er kommunalt prioritert og medfinansiert
- Tiltaket vil føra til universell tilkomst til kulturminnet